



VINJE KOMMUNE

MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Formannskapssalen	20.09.2017	09:00

Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Tone Edland	SP	
Ove Kringlegarden	SP	
Ingerid Hayes	SV	
Alf Seltveit	AP	
Stine Johanna Haugen	AP	
Øystein Aleksander Løvlie	SP	Arne Skogheim

Saker til handsaming	17/146 - 17/153
-----------------------------	------------------------

Merknader

Administrasjonssekretæren hadde gløymd å kalle inn vara for Liv Sigrun N. Midtun (Sp).

Andre som møtte

Namn	Stilling
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Turid O. Mæland	Plan- og byggjesakshandsamar
Oddvin Kolbotn	Byggjesakshandsamar
Camilla Kallevik	Næringsrådgjevar
Toril Nicolaisen	Nærings sjef

Tone Edland
leiar

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

PS 17/146

Referat og meldingar

RS 17/791	Møtebok frå førre møte
RS 17/792	100/130 Botn - Løyve til tiltak - PBL § 20-4 tilbygg
RS 17/793	153/636 - Vedtak om lovbrotsgebyr for avfallshandtering
RS 17/794	118/67 Drivarbekkdalen - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 bustad
RS 17/795	99/904 - Svarttjønnåsen - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-3 - Fritidsbustad
RS 17/796	59/7 Våmartveit - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 veg
RS 17/797	140/127 Sätehov - Løyve til tiltak - PBL § 20-4 garasje
RS 17/798	Spørsmål om eigedomen gnr. 88, bnr. 12, gnr. 94, bnr. 3 og gnr. 100, bnr. 2 i Vinje kommune er same driftseining i høve til jordlova § 12
RS 17/799	99/892 Listøyl vest - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
RS 17/800	153/562 Flotebu - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
RS 17/801	99/905 - Svarttjønnåsen - Løyve til tiltak jf.pbl § 20-3 - Fritidsbustad
RS 17/802	Løyve til tiltak - PBL § 20-3
RS 17/803	Søknad om løyve til bruk av luftfartøy
RS 17/804	99/662/0/40: Søknad om dispensasjon for bruksendring
RS 17/805	99/662/0/17: Søknad om dispensasjon for bruksendring
RS 17/806	Søknad om løyve til bruk av luftfartøy
RS 17/807	Søknad om løyve til bruk av luftfartøy
RS 17/808	Søknad om løyve til bruk av luftfartøy

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Arealplanleggjar Lotte Næss informerte om Statens Vegvesens planar for oppstilling av kolonne ved kolonnekjøring over Haukelifjell.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

PS 17/147

88/205 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegnene for Slobrekk bustadfelt - Areal uthus/garasje

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet viser til saksutgreiinga og gir dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Slobrekk til oppføring av uthus på 102 m², jf. pbl § 19-2.

Rådmannen, 11.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet viser til saksutgreiinga og gir dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Slobrekk til oppføring av uthus på 102 m², jf. pbl § 19-2.

**PS 17/148 *Løyve til oppkøyring av skiløype sesongen
2017/2018- Holvik velforening***

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommunen gjev med dette Holvik Velforening v/Dag Pettersen, 3721 Skien, løyve til løypepreparering i området Holvik i Vinje kommune. Løyvet gjeld for vintersesongen 207/2018.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar(ar) før løypeprepareringa tek til.

Køyringa skal avgrensast strengt til preparering av skiløype. Køyringa skal nytte den trasèen som vist i søknaden.

Løyvet skal alltid vera med og visast fram ved kontroll.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Løyvet gjeld for desse personane: Arne Langelid, Bjørn Helge Bystrøm, Bård Grønneberg, Dag Pettersen, Joakim Landstad og Kjell Espeland.

Køyringa skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fuglelivet.

Rådmannen, 11.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommunen gjev med dette Holvik Velforening v/Dag Pettersen, 3721 Skien, løyve til løypepreparering i området Holvik i Vinje kommune. Løyvet gjeld for vintersesongen 2017/2018.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar(ar) før løypeprepareringa tek til.

Køyringa skal avgrensast strengt til preparering av skiløype. Køyringa skal nytte den trasèen som vist i søknaden.

Løyvet skal alltid vera med og visast fram ved kontroll.
Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.
Løyvet gjeld for desse personane: Arne Langelid, Bjørn Helge Bystrøm, Bård Grønneberg, Dag Pettersen, Joakim Landstad og Kjell Espeland.
Køyringa skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fuglelivet.

PS 17/149 *Vedkomande søknad om å nytte motorkøyretøy
i samband med elgjakt - Rauland jaktlag*

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet i Vinje gjev med dette Rauland jaktlag v/Willy Kallevik, 3864 Rauland, løyve til å nytte snøskuter i samband med utøving av hjorteviltjakta i området. Løyvet gjeld Kråmvikvegen frå Steinbakken til Sveigebru, og med avstikkar inn til Bitdalsdammen. Løyvet gjeld i perioden 01.10 – 23.12.17.
Køyringa skal reduserast til eit minimum, med tanke på tal skuterar og turar.
Løyvet skal vera med ved transporten, og visast fram ved kontroll.

Rådmannen, 11.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet i Vinje gjev med dette Rauland jaktlag v/Willy Kallevik, 3864 Rauland, løyve til å nytte snøskuter i samband med utøving av hjorteviltjakta i området. Løyvet gjeld Kråmvikvegen frå Steinbakken til Sveigebru, og med avstikkar inn til Bitdalsdammen. Løyvet gjeld i perioden 01.10 – 23.12.17.
Køyringa skal reduserast til eit minimum, med tanke på tal skuterar og turar.
Løyvet skal vera med ved transporten, og visast fram ved kontroll.

PS 17/150 *99/429/0/4- Søknad om dispensasjon for
bruksendring-klage*

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunen opprettheld vedtak i sak 17/116 av 20.06.2017 og tek ikkje klaga til følgje.

Rådmannen, 11.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Kommunen opprettheld vedtak i sak 17/116 av 20.06.2017 og tek ikkje klaga til følge.

***PS 17/151 153/244/0/4: Søknad om dispensasjon for
bruksendring- Klage***

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunen opprettheld vedtak i sak 17/139 av 01.08.2017 og tek ikkje klaga til følge.

Rådmannen, 11.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Dokument delt ut i møtet:

Brev frå Fylkesmannen i Telemark vedk. klage frå Uvatn Borettslag, dagsett 05.09.17

Framlegg frå Ap v. Alf Seltveit:

Gjennom skriftleg dokumentasjon og i eiga saksframstilling har klagaren godtgjort at han har gjort det han har kunna for å oppfylle vilkåra for utleige. Det at han ikkje har lukkast i å oppfylle utleigeplikta over dei kravde åtte åra, skuldast tilhøve utanfor hans kontroll, deriblant utleigemarknad og manglande utleigeaktørar. I medhald av Pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon for bruksendring av gnr 153, bnr 244.

Framlegget frå Seltveit fall med leiaren si dobbeltrøyst. Rådmannens framlegg blei vedteke.

Kommunen opprettheld vedtak i sak 17/139 av 01.08.2017 og tek ikkje klaga til følge.

PS 17/152 *Fleire vegnam i hyttefelt*

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek vegnamna i hyttefelt i Vinje kommune slik tabellen visar.**
- 2. Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt.**
- 3. Kommunestyret har vedteke føresegner om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv sette opp skiltet.**

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Saka blir utsett sidan sakshandsamar ikkje er her for å svare på spørsmål.

Framlegget frå Edland blei samrøystes vedteke.

Saka blir utsett sidan sakshandsamar ikkje er her for å svare på spørsmål.

PS 17/153 *Rullering av Regional plan for Hardangervidda - høyring av planprogram*

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan – og miljøutvalet viser til punkt som er teke opp i vurderinga og ber om at dette vert teke omsyn til i det vidare arbeidet med rullering av Regional plan for Hardangervidda.

Rådmannen, 12.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.09.2017:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan – og miljøutvalet viser til punkt som er teke opp i vurderinga og ber om at dette vert teke omsyn til i det vidare arbeidet med rullering av Regional plan for Hardangervidda.